

Kyrkjetonar



Bokn kyrkje
175 år

Glede i hjartet gjer andletet venleg,
sorg i hjartet gjer motlaus.

**Betre å ha lite og frykta Herren
enn å ha stor rikdom med uro attåt.**

**Betre er ein grønsakrett
med kjærleik
enn oksesteik med hat attåt.**

Salomos ordspråk,
kap.15, vers 13,16 og 17

**Framsidediletet:
Bokn kyrkje, fotografert då
ho var nymåla i 2019**
foto: Jan Magne Moi

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær,
Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni,
september og desember
Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Marie Vågshaug, Steinar Høyvik,
Ingrid Hustoft Landro og Liv Jorunn Frønsdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.17.27697
VIPPS-nummer: 523083
Frivillig kontigent: kr. 200,-

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Kyrkja i Tysvær og Bokn

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og
Nedstrand sokn**

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær
og Førresfjorden sokn**

Åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og
fredag, kl. 10 - 14

Sokneprest Tysvær sokn og Bokn sokn
Tor Egil Eriksen
Mobiltelefon: 404 00 686

Sokneprest Nedstrand sokn
Dag Tormod Milje
Mobiltelefon: 934 15 401

Sokneprest Førresfjorden sokn
Gjermund Lygre
Mobiltelefon: 934 93 520

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

Diakon Synnøve Svensson Haakonseth

Ungdomsdiakon Lisbeth Skilhagen Haaheim

Menighetspedagog Hjørdis Kristina Støle

Kyrkjelydspedagog Janne I. Eide

Menighetspedagog Kari Undheim

Organistar
Johannes Støle
Steinar Alvsaker
Bergfrid Seibt

Kyrkjevevjerje
Tysvær kommune: Eva Birkeland
Mobiltelefon: 950 51 038
Bokn kommune: Jan Magne Moi
Mobiltelefon: 913 59 668

Administrasjonssekretær
Katrine Eide

Kyrkjetonarar
Odd Grønnestad: 52 74 84 03
Gunn Elisabeth H. Ertenstein: 976 18 216
Eva Keller: 936 75 972
Steinar Sælevik: 404 84 981

Å få skoen til å passa...

Å hoppa etter Wirkola skal visst
vera ei stor utfordring. Om
ein alltid blir samanlikna med
nokon, vil ein sjelden kjenna
seg god nok.

2022 er "Frivillighetens år" og
lag og organisasjonar jobbar
med å få arbeidet opp å gå
igjen etter to år med pandemi.
Frivillighet er kanskje ein av dei
verdiane me er mest stolte av i
Norge, i tillegg til nistepakken.

Dei fleste organisasjonar
opplever at det blir vanskeligare
å rekrutera frivillige til
kontinuerlig arbeid. Kanskje kan
ein få nokon til å vera med på
ei samling, eller eit semester.
Men dei trufaste sliterane som
held ut år etter år,
grunnstammen i frivilligheten,
veks ikkje på tre.

Oftast leitar me etter frivillige
som kan hjelpa oss med eit
arrangement me har under
planlegging. Eller me leitar etter
ein erstattar til ei eldsjel som
har gitt seg. Å fylla tomrommet
når ei eldsjel trappar ned
innsatsen er vanskelig. "Det er
store sko å fylla"

Som prinsen i "Askepott"
spring me rundt med ein sko,
og prøver å finna foten som
passar. Me har eit sett med
oppgåver, eit hol i vaktlista som
må fyllast.

Mykje av kyrkja sitt arbeid står
i spagaten mellom frivillige
og tilsette. Det krevjer stor
varsemd. På sitt beste er
kombinasjonen av tilsette og
frivillige ein stor styrke for
arbeidet. Men det kan også
skapa utfordrande situasjonar.

Me må bli flinkare til å rekrutera
frivillige som får komma i sine
eigne sko, med sine evner og
nådegåver, utan å samanlikna
med "den eller den."

I kyrkja må det vera plass for
alle. Både dei som kjem med
nye idear i nye sko og dei som
fyller skoa som står tomme.
Både dei som vil ta ei økt i
oppvasken og dei som vil stå
på scena - ein gong, eit halvår
eller på ubestemt tid.

Ståle Hustoft
Redaksjonen avslutta 14. september

Her kan du
betale med
v:pps

523083

Vipps-nummer

Har du lyst å støtta arbeidet med
Kyrkjjetonar så kan du gi ei gåve eller
betala den frivillige kontingenten til
VIPPS-nummer 523083

redaktørens hjørne

Kick-off gudsteneste

tekst og bilder: Synnøve Svensson Haakonseth

**Søndag 28. august hadde
Førresfjorden menighet kick-off
gudstjeneste for å markere at
høsten er i gang. Der fikk vi vist
fram mange positive
arrangement og aktiviteter som
skal foregå framover. Nå har
vi endelig en høst der vi kan
møtes og skape gode fellesskap
og møteplasser, og det er verd
å feire.**

Selve gudstjenesten var innholds-
rik med mye flott sang og musikk,
av blant annet en gruppe fra Etter
skoletid, og vi fikk høre en ny
dåpssalme nydelig framført av Alva

E. Hamnøy. Det var også fint besøk
av tidligere The Voice vinner Erlend
Gunstveit som framførte en av sine
låter. De som ikke fikk gleden av å
høre han, får sjansen igjen når han
skal ha julekonsert i Aksdal kyrkje
3. desember.

Tre barn ble døpt, og det var
forbønn for Janne Eide som er
nyansatt som menighetspedagog i
Førresfjorden.

Etter gudstjenesten var det grilling
av pølser, servering av lapskaus og
kaker, og et stort hoppeslott var
satt opp utenfor kirken. Vi hadde



Eyvind Skeie til BLEST

**Han har skrive barnebøker
og vaksenbøker, skodespel,
meditasjonar, revytekstar,
og er tekstforfattar til serier
som Portveien 2 og Sesam
Stasjon. Han er prest og
forfattar, salmediktar og
komponist. Han har
registerert omkring 1500
songar og salmer i TONO
og har også hatt eit stort
internasjonalt engasjement,
ikkje minst knytta til
religionsfrihet.**

Det er med andre ord ein
mann med imponerende
kapasitet som kjem til BLEST
Litteraturfest i Tysvær søndag
13. november.

Kl 11.00 blir han med på guds-
tjenesta i Aksdal kyrkje, der det
vil bli både samtale og bidrag

inn mot preike. Skeie har eit
stort hjerte for kyrkja i Egypt,
eit tema som passar godt på
det som og er "søndag for de
forfulgte".

Kl 19 samme dag kjem Skeie til
Nedstrand kyrkje, der musikken
og salmene står i sentrum.
Han vil snakke om boka som
er nevnt i bokspalta, - "Det er
lys der jeg går", - ei samling av
både kjente og mindre kjente
Skeie-salmer, salmer som har
blitt allmenne og ein del av den
nye norske salmetradsjonen.
Det blir fellessong, solosong,
og musikalsk følge av orgel og
saxofon.

Gå ikkje glipp av møte med
ein av dei mest produktive og
allsidige forfatarane i vår tid.




foto: Erlend Berge

Frivillighetens år

av Synnøve Svensson Haakonseth

2022 er frivillighetens år!

Vi mennesker er helt avhengige av hverandre. Å føle tilhørighet til et fellesskap der vi kan anerkjenne hverandre som verdifulle mennesker er viktig. Amerikansk forskning sier at 2 timer med frivillighet i uka gir bedre livskvalitet.

Forskningen sier derimot ingenting om flere timer frivillighet pr. uke gir enda bedre livskvalitet!

Kirkene i Tysvær har mye aktivitet og er helt avhengige av frivillig engasjement, og selv om mange allerede er engasjert så trenger vi flere! Oppgavene er mange og varierte, og vi er heldigvis utstyrt med ulike gaver og talenter.

Noen konkrete eksempler på hvordan du kan bidra som frivillig:

- Søndagsskolelærer
- Leder til ungdomsklubb
- Besøksvenn
- Hjelp på Superonsdag og Kyrkjeonsdag i Aksdal
- Pianist til ten-singkoret OneWay
- Forsanger til gudstjenester
- Hjelp til på «Etter skoletid»
- Kirkekaffe
- Kirkevert
- Utdeling av dåps- og jubilanthilsen
- Kanskje du har ideer om noe vi burde starte opp med?

Diakon Synnøve S. Haakonseth blir veldig glad hvis du synes dette ser interessant ut. Ta kontakt på tlf. 46528756 eller e-post: synnove.haakonseth@tysver.kommune.no

Bønn fra Kina:

Herre, vek opp din kirke -
Og begynn med meg!
Herre, gjør din menighet levende -
Og begynn med meg!
Herre, skap fred overalt på jorda –
Og begynn med meg!
Herre, bring din kjærlighet og sannhet til alle mennesker –
Og begynn med meg!

Minner med mening

tekst: Bjørg Rørtveit, Nedstrand kyrkjeforum

Hugsar du kveldsbøner eller kveldssongar frå barndomen din?

I eit par år har Guri Ravatn samla inn kveldsbøner og kveldssongar frå nærområdet. Tirsdag 27.september kl 18 kjem ho til Nedstrand sosialsenter.

Gjennom samtale og samsong med salen presenterer ho innsamlingsarbeidet, der også kveldsbøner nytta på Nedstrand er med. Musikk ved Kjell Ravatn.

Håpar alle som har eit forhold til kveldsbøner eller vil lære nye har lyst å ta turen!

Dette er kulturhistorie som det for svært mange av oss knytter seg gode minne til.

Velkommen til ei lun og kjekk stund. Kaffi og litt å bite i.

Arrangør: Nedstrand kyrkjeforum



Fellesmøter i Aksdal kyrkje

4. – 9. oktober kl 19.00
(uke 40, ikke mandag og lørdag)

Taler: Klaus Muff og Anne Kristine Rosberg m.fl.

Mye sang og musikk på møtene

Alle hjertelig velkommen!



Åpent hus i Aksdal kirke i sommer - Інтернаціональне кафе -

av Lisbeth Skilhagen Haaheim

Kafeen har vært godt besøkt i hele sommer av gamle og unge, flykninger fra Sudan, Eritrea, Ukraina og andre stede, en god miks med lokalbefolkningen.

Det har vært 3 frivillige fra Ukraina og 1 ungdom som har vært sammen med meg om ulike oppgaver. Vi har fått Ukrainsk kaffe mat og det smakte nydelig.

Det har blitt skikkelig orden i gjenbruksbutikken av klær. Vi har fått masse flotte klær og «butikken» har gått så det suser. For flykningene har det vært gratis og eller så koster det kr. 10.-. Vi har arranger tur til Stemmestaden med grilling og kanopadling til stor entusiasme.

Takk til alle som har vært innom kafeen. Det har vært en stor glede å hilse på så mange nye ansikter fra ulike kulturer. Og spesielt takk til dere som har kommet med så mye fint tøy som har blitt til stor nytte for våre nye landsmenn.

Sorggruppe for Ungdom mellom 15-20 år

som har mistet en de er glad i eller har et komplisert forhold til.

Hensikten med Sorggruppene er å skape trygghet, gi kunnskap om sorg, og hjelpe den enkelte til emosjonell og tankemessig mestring. Etablere minner å bygge framtiden på.

8 samlinger, ca. annenhver uke à 1,5 time.

Oppstart 4. oktober kl. 15.30 – 17.00 i Rossabø kirke.

Vi starter med varm suppe ettersom de fleste kanskje vil komme direkte fra skolen. Du er selv fri til å si hva du ønsker på samlingene. Og vi oppfordrer til at det som blir tatt opp i gruppen blir i gruppa.

Sorggruppen er et samarbeid mellom diakonene i Haugesund og Tysvær.

Ta kontakt med ungdomsdiakon for samtale eller påmelding Lisbeth S. Haaheim, lisbeth.haaheim@tysver.kommune.no

Співпраця між координатором волонтерів, волонтерами, Червоним Хрестом та парафією Фьорресфьорден.

Ми можемо запропонувати: Мовне навчання в ігровій формі, різні ігри та активітети.

Ігрову кімнату для немовлят. Малювання, ліплення та мозаїку для дітей. Спортивний зал, альпіністську стіну для скелелазання, ігровий стіл, майстерня для дітей старшого віку та підлітків. Речі для дітей, дорослих та для дому (одяг, взуття, постільну білизну, пледи, ковдри, настільні ігри для дітей, дитячі книги, велосипеди, самокати, тощо).

Якщо Вам потрібен транспорт – в цьому Вам допоможе Лісбет С. Хаахайм lisbeth.haaheim@tysver.kommune.no

Ласкаво просимо на зустрічі щосереді з 12.30 до 15.00 в церкві в Аксдал до 22 червня.

Bokn kyrkje 175 år



Festgudsteneste og jubileumsfest

tekst: Marie Vågshaug, foto: Marie Vågshaug og Jan Magne Moi

Kyrkja i Bokn er 175 år i år og den 11.09 blei det laga til fest for alle som hadde lyst å delta. Ein mild, stille og solrik haustdag slik september kan vere på sitt fineste.

Festen starta med gudsteneste i kyrkja der biskop Anne Lise Ådnøy, prost Rune S. Engedal og prest Tor Egil Eriksen deltok. «Gamleprestane» Finn Bårdsen og Arne Aurdal med ektefeller var mellom gjestene.

Bokn kyrkje

Oppe på høgda står kyrkja vår,
har stått i hundre og syttifem år.
Med tårn og med kors og klokka,
som ljoma og song og lokka.

Folket dei høyrde i regn og sol,
hadde dei plass i sin kyrkjestol.
Var saman i bøn og ordet,
og møttest ved nattverdbordet.

Og om så vegen var lang å gå,
folk kom i kyrkja vår, store, små.
I glade og tunge stunder,
var vitne til dåpens under.

Herre, vår Gud, som gjer allting vel,
verna ditt hus i frå lyn og eld.
La barn i all framtid læra,
å halda ditt navn i æra.

Jubileumssongen som opprinneleg blei skriven til 150 års jubilet av Olaug Hognaland, der ein har endra på talet på år. Tonesett av Jardar Havikbotn.



Bilde over: Biskop Anne Lise Ådnøy lyser signing på slutten av festgudstenesta.



Bilde over: Songtrioen deltok på festen, her representert ved Oddrun Nilssen og May Jorunn Vatnaland.
Bilde under: Lysekrona i kyrkja er nyoppussa til jubileumet



Gudstenesta starta med at nokre av speiderane kom inn i prosesjon saman med prest, prost, biskop og gjester.

Soknerådsleiar Merete Alvestad hadde fine velkomstord. Ho snakka om kor viktig kyrkja er for oss, fellesskapet den gjev, både i glede og i sorg.

Barnekoret song nydeleg for oss.



Bilde over: Finn Bårdsen delte minner frå si tid som prest i Bokn.



Bilde over: Barnekoret song nydeleg for oss i kyrkja.

I talen snakka Anne Lise Ådnøy om at kristendommen kom til Noreg med vikingane og slavane til vikingane. I vår kristne tru handler det om nåde. Me stiller alle likt og blir lønna likt. Ho knytte dette opp til likninga i Bibelen om vingårds-eigaren som lønna alle arbeiderne likt sjølv om dei ikkje hadde arbeidd like lenge. Guds folk er alle som tar imot Jesus.

Etter gudstenesta var det fest i Bokn Arena der det var musikk- og songinnslag, og helsingar frå fleire av gjestene.

Songtrioen som så ofte har bidratt i kyrkja song tre songar for oss, «Jubileumssong», «Kvednabekken» og «Har du fyr».

Ordførar Osmund Våga kom med helsing på vegne av kommunen. Han snakka om historia til kyrkjene i Bokn. Kyrkja hadde vore eit viktig samlingspunkt både religiøst, og tidligare også som kommunehus der ting blei tatt opp og diskutert på kyrkjebakken. Han snakka også om at nå var det ei ny tid med flere religionar i landet vårt og at ein nå måtte tenke gjennom korleis ein som kyrkje skulle møte dette.

Runar Alvestad spelte eit musikkstykkje på piano for oss.

Biskopen kom med helsing. Ho samantlikna kyrkja med eit fyr, ei hjelp for rett kurs, der tårnet peika opp mot himmelen. Bygget vitna om Gud. Det er vår oppgåve å sørge for meir himmel på jord. Me kristne er «eit brev til verda» der me skal vitna om Guds nåde.



Bilde over: Ordførar Osmund Våga hadde helsing frå kommunen.



Bilde over: Anne Tone Øvrebø ved pianoet. **Bilde nederst:** Revyinnslag fylgjer med, og gjestene fekk trimma lattermusklane.

Prosten sa i helsinga si at dette var ein stasdag. Han sa at ingen er for små og ingen er for gamle til å vere med i fellesskapet. Kyrkja er ein stad der me kan henta krefter. Det handlar om levande tru. Me skal snakka sant om livet og visa omsorg for kvarandre. Kyrkja er for alle, der er me alle like.

Me skal dele, engasjere, invitere, skape gode fellesskap, trivsel og vekst. Det som skjer i kyrkje-rommet handlar om livet utanfor kyrkja.

Ole Johan Øvrebø spelte «O bli hos meg» på piano for oss.

Finn Bårdsen hadde ordet og fortalde frå tida si i Bokn. Først om tida før Bokn blei landfast då han blei skyssa med småbåt i storm og stille og om «Gullhøna» som låg og venta på han, sjølv om han kom for seint, fordi han hadde sagt han skulle vere med. Han fortalde om då SKRUK hadde konsert i kyrkja vår og siterte frå ein av songane «Jeg vil lytte etter lyden av hans trinn», og kor viktig det er å

«lytte etter lyden av hans trinn» i kvardagen.

Torleif Susort, soknerådsleiar i Tysvær, kom med helsing der han takka for godt samarbeid.

Anne Tove Øvrebø song to songar for oss, og ho snakka også om kyrkja som samlingspunkt, ein plass der det er godt å koma, og at kyrkja rommar heile livet.

Kyrkjetenar Odd Grønnestad las og fortalte om kyrkjarahistoria til Bokn, skrive av Birger Lindanger som dessverre ikkje kunne koma denne dagen. Det har vore kyrkje i Bokn sidan 1100 talet.

Revyinnsлага på slutten gjorde at me fekk trent lattermusklane godt!

Soknerådet hadde dekka og pynta fint i Bokn Arena, og me fekk servert god gryterett, kaffe og nydelege kaker.

Det blei ein fin fest, kyrkja verdig, der mange deltok, enten med tale, song, pynting, og matlaging, eller som gjester. For utan gjester ingen fest.

Noko av det eg sit igjen med etter denne festen er at eg er minna om at me kristne er «eit brev til verda» og at det er viktig «å lytte etter lyden av hans trinn».

Les Birger Lindanger sitt jubileumsforedrag på side 24 og 25



Ei gravferd

av Bjørn Gunnar Nedrebø, foto: Marie Vågshaug

Faster mi Martha Lohndal, døpt Nedrebø og fødd på Nerabø juni 1925 d øyde i 2019. Ved opprydding i eldre papir kom eg over ein stil ho skreiv i 1946 med tittel «Ei gravferd». Ho skriv om gravferda til mor si, Gunhild Nedrebø (f. 1886), som døyde hausten 1940 då Martha var 15 år gamal.

I tillegg til smertene ved å mista mor si i ung alder gir og dette eit tidsbilete av ei gravferd frå heimane på Austre Bokn i 1940-åra. Først samling i heimen, med hest og høyslede (nokre sa langkjerre) til Tåkanes (kaien på Austre Bokn), vidare med båt til Vestre Bokn og så til Boknaberg der jordfestinga gjekk føre seg.

Me gir ordet til faster Martha:

Tung og sår i hugen gjekk eg. Alt var med eitt vorte så meningslaust. Eg tykte framtida berre kunne verta svart og tung etter det som hadde hendt. Mor var slokna. Mi gode og kjærlege mor, nå skulle eg aldri få trøyst og råd av henne meir. Det var som eg ikkje kunne få meg til å tru at ho verkeleg var borte, eg laut bort til senga og sjå etter om ho ikkje var der. Men det var nok berre så altfor sant, og i dag skulle ho gravleggjast.

Heile huset var i eit rot. Nokre framande gjenter heldt til på kjøkenet, der dei skramla med koppar og fat. Sjølv kunne eg mest ikkje finna noko av det eg skulle ha tak i. Men etter kvart vart det rolegare. Nå tok folk til å koma. Dei tok oss i handa, men sa mest ingen ting. Dei såg berre på oss, og sume laut turka bort ei tåre. Eg undra meg på kvifor dei gret, dei hadde då ikkje mista mor si slik som me. Eg skjøna ikkje at det var oss dei tenkte på.

Etter kvart vart stovene fulle av folk, og til slutt kom presten. Nå gjekk me inn der mor låg. Stova var

prydd med blomar og ljøs, og midt på golvet stod kista, som og det og var fullt av blomar på. Me sette oss, og presten gjekk bort til kista. Nå tok folka til å syngja. Eg tykte det var underleg at dei kunne syngja i dag då mor var død. Sjølv hadde eg nok med å halde tårene attende.

Så tok presten til å tala. Han tala fyrst til oss, og sa at vegane til Gud ofte var underlege for oss menneske, og det var ofte vondt å finna kva meininga var når han tok nokon av dei kjæraste frå oss. Men me måtte likevel ikkje gløyma at Gud var kjærleik og ville oss berre det beste.

Eg sat og hørde etter så godt eg kunne. Men tykte det var underleg det presten sa, at Gud var kjærleg og ville oss berre godt. Kvifor hadde han då teke mor frå oss? Eg tykte Gud var hard og vond som kunne vera slik mot oss. Då presten hadde tala, skulle me gå til kyrkja. Den kvite hesten vår skulle køyra kista til kaien. Han gjekk så seint og varsamt den dagen, liksom han skjøna det var siste gongen han fekk køyra matmor si.


Heile tida medan me var på veg til kyrkjegarden gjekk eg og tenkte på kor gildt mor og eg hadde hatt det saman. Å, så vondt det var å skiljast frå henne. Nå som eg nett skulle ut i livet, og trong ei mor som kunne gje meg gode råd, då vart ho teken bort frå meg.

På kyrkjegarden vart det sunge, og presten tala att. Så tok dei til å fira kista ned i grava. Då greidde eg ikkje meir. «Mor!» ropa eg. Så seig eg saman i krampegråt. Det heile var så urimeleg meningslaust, eg fann korkje ut eller inn av det mørkret som var i meg; det var som å gå i blinde.

Då hørde eg liksom orda til presten: «Ein gong skal me møtast i himmelen, der me aldri meir skal skiljast». Og eg fann ro og trøyst i dei orda.



Velkommen "Rundt samme bord"



Fredag 04. november kl.19.00
på Soknatun i Hinderåvåg

Bli med på eit annleis NMS*-kvinnestemne med fokus på kvinner og solidaritet! Vi dekker opp til 70 kvinner og inviterer til 3 retters festmåltid à la Dag Tormod, 400 kroner per kuvert.

Årets tema -prosjekt: Forebygging av vold mot kvinner
Phuti Mogase, rådgiver gender og kvinners rettigheter og Evy Torunn Nyvoll, rådgiver menighet, formidler frå prosjektarbeid i tre afrikanske land.

Åresal-utlodning, sang og underholdning!

For meir info eller bindande påmelding innan 28.okt
Elisabet Sande 95206119 eller Jorunn Sande Baustad 91538395
NMS* = Det Norske Misjonsselskap

Nedstrand Barneforening

har samlingar onsdagar etter skuletid
(kl. 12.45 - 15.00)

Me samlast med song, andakt, mat og aktiviteter.

Datoar i haust:

21. september
19. oktober
2. november
30. november

Velkommen til alle frå 1. klasse




Bilde frå ein av dei kjekke uteaktivitetane.

Jazzmessa lever

av Steinar Høyvik

Et av årets absolutte høydepunkt er jazzmessa i Tysvær kyrkje som i år tok i mot oss i sommarens fineste kveld.



Når Lars Johannes med sin glitrande bestetning drar oss med i kjente og kjære salmer, oppjassa for kvelden, er tonen for kvelden satt.

Presten vår, Tor Egil, gir oss et lite innblikk i hvordan den sjuke kvinna som ble frisk etter å ha berørt Jesu kjortel hadde det, når to års pandemi gir oss en tanke om hvordan det kjennes å ikke kunne samles. Videre via afrikanske toner fra sin tid som misjonær understreker han at dagens tekst er en av de sterkeste vitnesbyrd om tro.

Når presten svinger seg ned midt-gangen i ei nær full kyrkje til kaffi og kaker på kyrkjebakken, ja da



kan vi slå fast at Jazzmessa har overlevd pandemien på beste måte.

Kva har skjedd i Bokn kyrkje i seinare år?

av Jan Magne Moi/Arkivfoto



Bilde over: Luftige konfirmantar i 2016.

Orgelet var i fokus etter førre jubileum og i 2010 kom orgelbyggjarar frå Tyskland som renoverte instrumentet.

Målet var å få nytt orgel til 175-års-jubileet. Men i 2018 var orgelbyggjarane her for ny sjekk. Orgelet hadde halde seg godt, fungerte bra og kunne fungere i fleire år enno om det fekk ha jamn temperatur. Nytt orgel må nok til, men no er det meir tid til å reise pengar.

I 2010 kom det nytt bårhus på gravplassen. I 2016 kom etterlengta parkeringsplass mellom kyrkja og gamleskulen.

Universell tilpassing i ei listeført kyrkje, tok mykje tid. Etter 5 års arbeid med planar og godkjenningar, kunne ein fjerne eit par benker bak i kyrkja. Det vart



Bilde over: Reidar Alvestad på dugnad med å sparkla og måla golvet.

Bilde i midten: Dramatisering av bibeltekstar høyrer med.

Bilde til høgre: Frå etableringa av namna minnelund.

laga sti rundt kyrkja til toalettbygget og toalettbygget tilrettelagt for personar med handikap.

Kyrkja har blitt malt utvendig og også golv, vindaugo og søyler inne.

På kyrkjegarden er etablering av «namna minnelund» det største løftet.

Når det gjeld kyrkjelydsarbeidet, er Trusopplæringsplanen eit stort og viktig prosjekt. Førre kyrkjeverje, Svanhild Alvestad gjorde ein framifrå jobb når Bokn vart med i prosjektet KYRKJENÆR. Bokn har fått nytte godt av kyrkjelydsarbeidar Greta Skorpe Elverhaug og no kateket Marit Sofie Teistedal Vikre.

I samband med dette prosjektet vart det laga ei lita bok, «Kyrkja mi». Dette er ei flott bok med bilete frå kyrkja som fortel kva kyrkja er og kva den formidlar. Bokn sokn har godt samarbeid med Tysvær. Me har felles prest, organist og kateket.



Bilde over: Utviding av parkeringsplass.

Me har elles eit godt forhold til Bokn kommune med gode tenester for gravplass og kontortenester.

Kyrkjjetonar Odd Grønnestad har vore tilsett i over 30 år og kan det meste om kyrkja og kyrkjegarden. Ein framifrå ressurs for kyrkja vår.

Kva skjer vidare?

Gjennomsnittssoppslutninga om gudstenesta har lege mellom 60 og 70 personar i mange år. Under pandemien i 2020 og 2021 har talet vore 42. Utfordringar vert å få talet opp att.

Me ser at korps, idrettslag og speidar slit med å halde talet på aktive medlemmer oppe. Dette gjev seg også utslag i aktivitet og engasjement.

Me må stå saman i Bokn om denne viktige delen for å halde fellesskapet oppe. Dugnad og engasjement må til for å få eit godt fellesskap og ein god kommune.

Me får ynskje kvarandre lukke til med dette arbeidet i åra som ligg føre.



Velkommen til drop-in-dåp på Haugalandet!

Blei det ikkje noko av dåpen? Kanskje var det pandemien som gjorde det vanskeleg? Eller det blei vanskeleg å finna ein passende dato? Eller valde foreldra dine ikkje å døypa deg?

Det er aldri for seint å bli døypt!

Dåpen er for alle! Ung eller gammal, truande og tvilande. Kom som du er og kor du enn bur. Kyrkja ønskjer deg velkommen!

Kven, kva, kor - og korleis?

Drop-in-dåp på Haugalandet – ope for alle uavhengig av bustad:

Lørdag 22. oktober kl. 12-14

i Vår Frelsers kirke, Haugesund.

Lørdag 29. oktober kl. 12-14

i Ølen kyrkje.

Lørdag 5. november kl. 12-14 i Aksdal kyrkje, Utsira kirke og Norheim kirke.

Medarbeidarar frå kyrkjelydane vil ta imot alle som ønsker å bli døypt denne dagen, uavhengig av kor i distriktet man er busett.

Korleis skjer Dropp-inn-dåp?

Du kan melda deg på elektronisk på førehand, eller du kan berre møta i den kyrkja det gjeld når dagen er der, uavhengig av kor du bur.

Når du kjem til kyrkja må du visa fødselsattesten til barnet ditt, eller gyldig identifikasjon viss du sjølv vil bli døypt, og så blir du registrert.

Dåp av barn må skje etter samtykke frå begge foreldra. Husk difor skriftleg samtykke frå den andre forelderen dersom du kjem åleine for å få døypt eit barn under 15 år. Du kan velja om du vil ha med egne fadrar eller om nokon frå kyrkjelyden skal vera det for deg.


Så får du ein prat med ein prest, før turen går til døypefonten. Der blir det ein fin, enkel og kort seremoni. I tid er dåpen kort, men tydinga er djup og varer livet gjennom.

Det er fullt mulig å ta med seg gjester dersom ein ønsker det. Kom som du er, med finklær, dåpskjole eller kvardagsklede.

Har du spørsmål, påmelding eller vil høyre meir om dette, må du gjerne ta kontakt: www.tysvaerkirken.no, eller ring prest Dag Tormod Milje 934 15 401

Lettvint?

Drop-in-dåp kan kanskje høyrast ut som noko lettvint samanlikna med den planlagde og tradisjonelle dåpen i gudstenesta. Men tilbakemeldingane frå drop-in-dåp rundt i landet viser at det blir opplevd som høgtideleg og verdifullt.



Det er ein fullverdig dåp, der ein blir møtt av Guds kjærleik. Dåpshandlinga er basert på tillit til at Guds lovnader ber heile livet gjennom.

Mange tenkjer på barnedåp med press om stort selskap og mykje stress. Det treng ikkje vera slik. Dåpen gir medlemskap i Den norske kyrkja.

Dåpsfest etterpå

Kyrkja inviterer til kake, kaffi og brus etter dåpsseremonien. Det er heilt frivillig. Men på den måten slepp ein å førebu noko til etter dåpen. Alt er gratis.

I kyrkja er alle velkomne uansett, enten ein er døypt eller ikkje.

Å velge dåp vil for nokon vera sjølv sagt, mens andre har trong for meir informasjon før dei tek eit val for seg sjølv eller barnet sitt. Barn, unge og vaksne i alle aldrar kan bli døypt. Den som vert døypt blir medlem i Den norske kyrkja. Dåpen er heilt gratis.

Kva er dåp?

Dåp er å høyre til i kyrkja. I dåpen blir vi møtt av Guds kjærleik. Dåpen gir oss del i Guds frelse. Det er ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet vi vert døypt. I dåpen blir du medlem av Den norske kyrkja, og del av den verdensvide kyrkja. Vatnet er sentralt i dåpen. Vatnet er livsviktig for alt som lever og er symbol for liv og vekst. Dåpshandlinga er basert på tillit til at Guds løfter ber heile livet gjennom.

KyrkjeNÆR-aktiviteter i haust

Følg også med på www.tysvaerkirken.no og facebook for oppdatert informasjon.

Felles for alle kyrkjelydane i Tysvær og Bokn:

- **7.klassetreff på Stemnestaden.** Tema: «Vår digitale verd.» Dato: Torsdag 6.oktober.
- **Aktivitetsdag for 4.klassingar på Stemnestaden.** Skulane har planleggingsdag denne dagen. Tema: Misjon. Dato: Måndag 19.september.

Påmelding til begge arrangement på tysvaerkirken.no

Førresfjorden menighet:

- **0-1 år: Babysang.** Oppstart 15. august
- **4 år: Barnebibelen.** Samling 25. oktober + gudstjeneste med utdeling søndag 30.oktober.
- **2. kl: Høsttakkefest (Dåpsskole 2);** Samlinger 15. og 29. september + gudstjeneste 2. oktober
- **5.-7. kl: Etter skoletid.** Oppstart 31. august
- **6. kl: Lys Våken** Advent. 26. november

Nedstrand Sogn (N=Nedstrand, S=Skjoldastraumen):

- **0-1 år: Babysong** Oppstart 6. oktober Skjoldastraumen, 19. oktober Nedstrand
- **3 år: Undretur i kyrkja.** Boka «Kyrkja mi». N + S laurdag 22. oktober. Invitert til gudsteneste N=23. oktober/S=13. november
- **4 år: Barnebibelen** Samling Nedstrand 19. oktober / Skjoldastraumen 9. november + gudsteneste med utdeling N= 23. oktober/ S=13. november
- **5 år: Julekrybbeverkstadar.** Nedstrand 01. og 08. des / Skjoldastraumen 29.nov og 6.des
- **1. - 7. kl: Etter skoletid** Skjoldastraumen Oppstart 28.sep
- **2. kl: Hausttakkefest** Felles samling på Tveit vgs. Nedstrand 14. september + gudstjeneste Nedstrand 18. september / Skjoldastraumen 25. september
- **6. kl: Lys Vaken Advent.** 25. november

Bokn sogn:

- **Babysong 0-1 år.** Felles med Tysvær. Oppstartsdato: Torsdag 15.september kl 10-12 på Tysvær Soknehus. Følg med på facebookgruppa «Babysang på Tysvær Soknehus»
- **Hausttakkefest for 2.klassingar..** Samling og gudsteneste. Datoar: 16.og 25. september.
- Undretur i kyrkja for 3-åringar. 29. September.
- Barnebibel, 4 år. Samling og gudsteneste med utdeling av Barnebibel. 9. og 20. november.
- Lys vaken for 6.klassingar. Overnatting i Bokn kyrkje. 18.-19. november.

Tysvær sogn:

- **Babysong 0-1 år.** Felles med Bokn. Oppstartsdato: Torsdag 15.september kl 10-12 på Tysvær Soknehus. Følg med på facebookgruppa «Babysang på Tysvær Soknehus»
- **Konfirmantopplegg, 9.klassingar.** Ca annankvar onsdagskveld.
- **Hausttakkefest for 2.klassingar.** Samling og gudsteneste. Datoar: 21.og 25. september.
- **Undretur i kyrkja for 3-åringar.** Onsdag 28. september.
- **Barnebibel, 4 år.** Samling og gudsteneste med utdeling av Barnebibel. Datoar: 19. og 20. november.
- **Lys vaken for 6.klassingar.** Laurdag 26. november.

Barnekoret Gledesprederen i Tysvær våg øver tysdagar kl 17.30 - 18.30 på Tysvær soknehus. Sjå facebookgruppa «Barnekoret i Tysvær våg.»

Konfirmantane trår til!

av Janne I. Eide

Nytt semester i kyrkja fordrar medarbeidarar òg!

Mykje kjekt står på programmet i Kyrkjeneær, der enkelte av arrangementa treng mange leiingar for å kunne gjennomførast, slik som Aktivitetsdagen på Stemnestaden 19.september. Den er for alle 4. klassingar i Tysvær og Bokn på ein planleggingsdag i skulen.

Det blir samling med tema Misjon, padling og leik, kreativitet, Mali-landsbyliv og ikkje minst god mat denne dagen!



Bilde over: Leiartrening: Konfirmantane slår eit slag – korleis engasjere seg og samarbeide for at ballongane ikkje skal gå i golvet. **Bilde til venstre:** Flotte konfirmantar frå Tysvær og Bokn klar til innsats!

Då er det gull verdt å ha flotte ungdommar på plass – som kan gje ein dag, og ta i eit tak! Og konfirmantane frå kyrkjene i Tysvær og Bokn er godt førebudde etter å ha delteke på leiarsamling saman med Marit Sofie, Janne og Gjermund.

Høyrest dette kjekt ut å vere med på? Meld deg som medarbeidar du også for seinare program!

Kontaktinfo: www.tysvaerkirken.no

Glimt frå laurdagsseminar med konfirmantane i Tysvær og Bokn, 27.august.



Bilde til venstre og over: Produksjon av fingermalingsbilder. Bildene vart vist på presentasjonsgudstenesta.

Bilde oppe til høgre: Undervisning om dåpen, og kanskje rekruttering til kyrkeleg teneste?

Bilde til høgre: Ungdomsarbeidar Lone drog igong «bli-kjent- leikar»



Musikk i sommarkvelden

av Bjørg Rørtveit, Nedstrand kyrkjeforum

For tredje år på rad inviterte Nedstrand Kyrkjeforum til Musikk i Sommarkvelden i Nedstrand kyrkje, kvar onsdag i juli.

Som alltid var det eit variert repertoar som spente frå vise, pop/jazz via orgelmusikk til klassiske perler. Her var det noko for ein kvar smak,- og me registrerte besøkande frå heile fylket,- i tillegg til hyttefolk, fastbuande og dei som ellers meir tilfeldig var i området.

Målet med konsertane er å skape aktivitet i kyrkja og bygda, i ei elles stille tid. Å komme inn i det vakre kyrkjerommet, sitje ned og nyte vakre tonar, omgitt av symboler, historie og hundreår av levd liv har ein verdi i seg sjølv. Mange (inkludert alle artistane) var i Nedstrand kyrkje for første gong,- og møtet gjer alltid inntrykk. Viktig å hugse på for oss som er der oftare. Me har ei nydelig kyrkje det er godt å vere i.



Bilde over: Nedstrand Kyrkjeforum er fornøyd med årets "Musikk i sommarkvelden." Konsertserien vart opna med Tom Roger Aadland.

Først ut, onsdag 6.juli, var Tom Roger Aadland, ein kjær artist i vårt distrikt, og den som samla mest folk i år. Onsdagen deretter hadde me besøk av Elin Furubotn, som på eige initiativ hadde invitert med seg både Gunnar Roalkvam og Torbjørn Økland som gjeste artistar,- ei overrasking sjølv for arrangøren. Ein varm og sjarmerande kveld.

20.juli var det Martin Haug Tieghem som fekk fram det store spennet i kyrkjeorgelet når han spela alt frå Bach til Pink Floyd. På tide at det flotte instrumentet fekk spele hovudrolla tenkte me! Siste konsert var det den klassiske musikken som sto i sentrum når Almuth Chylek og Ingrid Berg Tobiassen gleda oss med fantastiske tonar på fiolin og piano/orgel. Ingen tvil om at me hadde med profesjonelle utøvarar å gjere gjennom alle dei fire sommarkveldane!

Konsertane er støtta av Norske kirkeakademier og Tysvær kommune, men er først og fremst publikumsfinansiert. Ein blir oppfordra til å vippse eit valgfritt beløp, og utan dette hadde sjølvstøtta ikkje konsertane latt seg gjennomføre. Når det likevel er valgfritt kor mykje ein vil bidra med, så tenker me at prisen iallefall ikkje skal hindre nokon frå å komme.

Arrangørane gjer alt arbeid på dugnad, og artistane er også gjennomgåandeause når det gjeld honorar,- det er me svært takksame for. Me håpar det også for dei kan vere ein fin, sommarsleg oppleving med laus snipp,- der ein kjem tett på publikum.

Gode tilbakemeldingar frå både artistar og publikum gjer at me har tru på dette konseptet, at det dekkjer eit behov og er til glede og påfyll midt i beste ferietida. Velkommen tilbake i 2023!

FAGDAG FOR KIRKELIGE ANSATTE PÅ HAUGALANDET OG ANDRE INTERESSERTE

Sorgens mange uttrykk- SJELESORG OG NYERE SORGTEORI

AVALDSNES
Tirsdag 18. oktober kl. 09.00-15.00
Vi starter i Avaldsnes kirke og fortsetter på Avaldsnes menighetshus – Karmel

Vi får besøk av Instituttleder på Institutt for Sjelesorg/Modum Bad, **MARIANNE RODRIGUEZ NYGAARD**
Hun er også førsteamanuensis i diakoni.

09.00 Liturgisk samling i Avaldsnes kirke ved sokneprest Lars Tore Anda og kantor Arnfinn Tobiassen. Cello ved Jarle Kristoffersen

09.30 Kaffe/te/frukt på Karmel

10-15 Foredrag med dagens tema ved Marianne, avbrutt av en god lunsj og tid til prat

Pris: Kr. 100,-
Mer info: Soknediakon Annelaug H. Engmark 481 76 830
Påmelding og betaling via Qr-koden innen fredag 07.10.22.

FAGDAGEN ARRANGERES AV SORGSTØTTEFELLESKAPET I KARMØY OG HAUGALAND PROSTI OG SVEIO KIRKELIGE FELLESRÅDSOMRÅDE I SAMARBEID MED PRESTETJENESTEN I HELSEFONNA OG FLERE FRIVILLIGE.
Vi arrangerer sogggrupper/samtalegrupper for mennesker som har mistet en av sine eller ønsker å møte andre i sin livssituasjon. I forbindelse med dette arbeidet ønsker vi en inspirasjonsdag der alle som arbeider med sjelesorg og sorgarbeid kan komme. Arrangementet er åpent for alle som er interessert i dette tema. VEL MOTT!

Helse Fonna DEN NORSKE KIRKE

Temadag: DÅP

av Eva Birkeland

Temadag om dåp i Aksdal kyrkje torsdag den 20.oktober. På dagtid frå klokken 10.00 til 15.30 og på kvelden frå klokken 18.00 til 21.30.

Både dag og kveld er oppe for alle interesserte

Kvifor ein temakveld om dåp?

Vi syng «Det skjer et under i dåpen». I dåpen gjer Gud oss til sine barn. Dette vil Professor Harald Hægstad med fleire snakka om denne kvelden.

I våre kyrkje har barnedåp eller kanskje rettare sagt baby-dåp vore det som har vore praktisert. Men dåpen er for både barn, unge og vaksne. Harald Hægstad skriver: «Hele dåpen er modellert etter barnedåpen. Alt anna har vært unntak. Det må en nok endre».

Kvifor dåp, - kva som må/ kan endrast og korleis, - en prat om dåps samtalen,- erfaringar med dåp utanfor ordinær gudstene er tema det vil bli snakka om den 20. oktober.

Organist og forsongarar leder oss gjennom gamle og kjære dåpssalmar og presenterer noen nye for oss.

Les meir om temakvelden på: www.tysvaerkirken.no

Trusopplæring for vaksne

av Synnøve Bårdsen Lindanger

Nedstrand sokneråd inviterer alle som har lyst til å syngje litt, ete gode kveldsmat og lære litt meir om kva som står i Bibelen, til samlingar i Skjoldastraumen.

Me møtes i Skjoldastraumen kyrkje. Der kan du kanskje få syngje ein eller fleire av favorittsongane dine frå samleboka? Du får velje.

Etterpå går me ned til Straumen Grendasenter og et gode kveldsmat og slår av ein drøs, før me får eit spennande foredrag.

Alle er velkommen!

Tysdag 4. oktober

19.00 – 19.30: Me syng i Skjoldastraumen kyrkje
Håkon Areklett er pianist
19.30 – 21.00: Kveldsmat
May Ingunn Vrålstad som er sokneprest i Torvastad vil snakka om «SALMENES BOK»

Tysdag 8. november

19.00 – 19.30: Me syng i Skjoldastraumen kyrkje
Håkon Areklett er pianist
19.30 – 21 00: Kveldsmat
Pensjonert sokneprest Eldbjørg Andreassen vil snakka om «KVINNER I BIBELN»

Arr. Nedstrand Sokneråd

TEMAKVELD

PÅ STEMNESTADEN

TORS DAG 27.10. KL 19.00

Tema: "Fordi du er viktig
- om ungdom og psykisk helse
og viktige voksne"

v/ **Guro Lilleåsen Brakestad**
Familieterapeut, veileder og
kompetanseutvikler



Musikk: Johannes Stødle

Kaffi/te og heimebakst

VELKOMMEN til en kveld der du kan senke
skuldrene og få påfyll til hverdagens utfordringer.

Go'kveld

i Akdsal kyrkje 21. september kl.19.30

«Blott en dag»
Einar Steensnæs
forteller om
Lina Sandells
liv og diktning.

Sang og musikk av
Alva E. Hamnøy
og Johannes Stødle

Servering av
salatbuffe

Inngangspenger
100 kr.

Velkommen

Arr: Diakoniutvalget

foto: Örebro läns
museum



Lunsjtreff høsten 2022

Sted: Akdsal kyrkje
Tid: 11.30

Servering av varmrett + kaffe og kake
Inngang kr.50. Åresalg

29.september:
Sang og musikk av Jostein Jensen fra Amen

27.oktober:
Anne Marthe Waage Tveit forteller fra
sin oppvekst på gård

24.november:
Señores spiller og synger



Simenklubben høsten 2022

**Klubb for mennesker med utviklingshemming,
integrering.**

Sted: Akdsal kyrkje, i kyrkjestova

Tid: KL. 19.30-21.30.

Inngangspenger: 30 kroner.
Ledsagere gratis.

Program: kveldsmat, andakt og
vi synger sammen, vi har lek/konkurranser.

Høstens datoer:
Mandag 13.september kl.19.30-21

-Onsdag 6.oktober: Høsttakkefest i Norheim kirke
kl.17.30

Mandag 1.november kl.19.30-21

Mandag 6.desember kl.19.30-21: Grøttest

Håper du har lyst til å komme!

Hilsen Liv Tryti, Norfrid H. Lønning
og Lisbeth S. Haaheim

Superonsdag og Kyrkjeonsdag

Akdsal kyrkje, onsdager kl. 16.00 - 18.00

Superonsdag

3 onsdager i måneden serverer Røde kors og
Førresfjorden menighet gratis middag i Akdsal kyrkje,
kl. 16.00 - 18.00. Lek i gymsal, lekerom, mat og prat.

Kyrkjeonsdag

3 onsdager i høst er det kyrkjeonsdag med gratis
middag for små og store. Lek i gymsal og lekerom,
hobbyaktivitet, samling i kirkerommet, sang,
felleskap og god mat.

Velkommen til både små og store!

**Påmelding for hver gang, send sms med
antall barn og voksne til: 46 52 87 56**

Datoer i høst:

14. september: Superonsdag
21. september: Kyrkjeonsdag
28. september: Superonsdag
05. oktober: Superonsdag
19. oktober: Kyrkjeonsdag
26. oktober: Superonsdag
02. november: Superonsdag
09. november: Superonsdag
16. november: Superonsdag
23. november: Kyrkjeonsdag
30. november: Superonsdag
07. desember: Superonsdag
14. desember: Superonsdag

Ungdomsklubben på Tysvær Soknehus

Ungdomsklubben på Tysvær Soknehuset
har starta opp igjen med klubbkvelder.
Det starta bra med over 70 ungdommer
fra Bokn og Tysvær!

Følg med på facebookgruppa
"ungdomsklubben i Tysværåvåg, KM-klubben"



Samtalegrupper

For mennesker i sorg og
vanskelige livssituasjoner

**Gruppearbeidet på Haugalandet er et
samarbeid mellom menighetene i
Den norske kirke, Psykisk helsetjenester og
Veiledningssenteret (for pårørende til
rusmiddelavhengige).**

I samtalegruppen møter du andre som har opplevd
noe av det samme som deg. Det er et sted for å
 snakke, lytte, gråte, trøste, le, være sint.... kort
sagt: dele naturlige sorgreaksjoner med andre i
samme situasjon.

Samtalegrupper

Dette er grupper hvor den enkelte kan dele
tanker og følelser omkring egen livssituasjon – og
samtidig lytte til andres erfaringer. Hver enkelt
bestemmer selv hva og hvor mye han eller hun vil
dele. I gruppen forventer vi at alle viser respekt
og varsomhet for hverandres sårbare livssituasjon.
Alle som deltar har taushetsplikt.

Gruppene har to ledere som har kunnskap om og
erfaring med sorg (evt. overgrep eller rusmiddel-
avhengighet).

- Gruppene er åpne for alle uansett livssyn og
kirketilhørighet.
- En gruppe består av maks 8 deltakere og gruppa
samles fra 6 til 10 ganger.

Ved behov prøver vi å starte opp følgende samtalegrupper:

- for mennesker som har mistet
sin ektefelle/samboer.
- for foreldre som har mistet barn,
ungdom eller voksne barn.
- for barn og unge som har mistet nær familie.
- for etterlatte etter ulykker.
- for etterlatte etter selvmord.
- for etterlatte etter rusrelaterte dødsfall
- ledet av Veiledningssenteret, tlf. 52 71 78 80
- for mennesker som har vært utsatt for
seksuelle overgrep.
- for foreldre til barn som har vært utsatt for
overgrep.
- for mennesker som har vært gjennom
samlivsbrudd.

Meir informasjon og påmelding:

Diakon, Synnøve Svensson Haakonseth
Kontaktinfo: www.tysvaerkirken.no

Nye, aktuelle bøker



Haugianerne. Enevelde og undergrunn.
Trygve Riiser Gundersen
Cappelen Damm 2022

I oktober 1804 gikk det ut arrestordre på en farlig «person fra Norge» – en opprører som i årevis hadde spredd en lære like truende for «ethvert Individ som for Staten og det almindelige Vel». Den etterlyste var en viss «Hans Nielsen Houge». Bevegelsen det var snakk om haugianismen. I dag er både Hauge og haugianerne trygt plassert i sentrum av den norske historien. I 1804 så alt annerledes ut.

I Haugianerne. Enevelde og undergrunn tar Trygve Riiser Gundersen oss med tilbake til samtida vekkelsen tilhørte. Hva slags bevegelse var egentlig haugianismen? Hvilken virkelighet sprang ut den av? Hva var staten og embetsmennene så redde for? Og hvor har denne redselen blitt av siden? Resultatet er en ny fortolkning av en av de viktigste og mest omtalte fenomenene i den moderne norske historien. Men også et nytt bilde av det norske samfunnet og den norske folkelige kulturen rundt 1800 – i en verden preget av uro, forandring, rastløshet og motstand.

Trygve Riiser Gundersen har skrevet et storslått og imponerende verk som vil glede alle historieinteresserte, og som kritikerne triller terningkast 6 for.



Det er lys der jeg går
Eyvind Skeie
Eide forlag 2021

Eyvind Skeie debuterte som salmedikter da han var 19 år gammel. Siden har en jevn strøm av salmer og dikt strømmet fra hans hånd. I denne boka har Skeie satt sammen et utvalg av sine salmer og lyriske tekster, ikke mindre enn 365 stk, en for hver dag gjennom året. Til hver tekst hører det et bibelord og en kort refleksjon. Slik inviteres leseren til en salmewandring gjennom året.

Det er lys der jeg går er både en andaktsbok og en dokumentasjon av Eyvind Skeies store forfatterskap av salmetekster og poetiske refleksjoner. Forkynnere, trosopplærere, diakonarbeidere og sjelesørgere vil her finne tekster av høy bruksverdi. En bok for alle som leter etter ord som tolker menneskets eksistens i troens perspektiv.



Senk skuldrene - og tjen Gud
Tonje Haugeto Stang og Dag William Haugeto Stang
Proklamedia 2022

Få ting i livet gir så god mening som å vite at en er på den tjenesteplassen Gud hadde tiltenkt akkurat meg. Utfordringen for mange er imidlertid å finne nettopp den plassen. Tonje og Dag William Haugeto Stang hjelper oss i boka «Senk skuldrene - og tjen Gud» på en glimrende måte med det. Velskrevet, grundig, og ikke minst med gode, ærlige og gjenkjennbare eksempler fra eget liv som gir god veiledning i denne prosessen. Her er en hjelpsom innføring i både ulike personlighetstyper og ikke minst det Bibelen sier om utrustning og nådegaver.

«Denne boka er en gullgrube for alle som vil oppleve gleden i å leve for noe som er større enn seg selv. Anbefales som lesning på egenhånd, men ikke minst i leder- og fellesskapsgrupper.»

Jens-Petter Jørgensen

Gode jubilerande!

jubilerumsforedrag ved Bokn kyrkje si 175-års feiring

tekst: Birger Lindanger

I dag feirar me at det er 175 år sidan kyrkja vår vart innvigd. Samstundes er truleg kyrkja i Bokn rundt tusen år – om ikkje eldre. For kyrkja er jo mykje meir enn bygget. Det var kyrkja som institusjon med prost, prest, bisp, kyrkjeverje, medhjelparar, gravarar heilt ned til hundefuten. Og det er eit trusfellesskap, kyrkjelyden som sjølv sagt er det kyrkjelege fundamentet.

Spørsmålet er så når og koss kyrkja kom til Bokn. Det vil seia: Når vart det etablert eit kristent fellesskap på øyane her? Bokn låg vend mot verda – England og Tyskland - og vart prega av det!

Funn viser at Karmsundet hadde kontakt med Romarriket seinast eit par hundre år etter Kristus. Venteleg inneber det at boknarar kjende til dei kristne der, frå dei tok til å verta ein maktfaktor.

Ei mengd gravhaugar og bauta-steinar kring på øyane vitnar om at boknarane alt i førkristen tid søkte ei høgare og vidare meining med livet. Men gradvis laut dei gamle gudane vika for Kvite-Krist, tidlegare i Bokn enn dei fleste andre stader i landet. Eit teikn på denne prosessen har me frå Storhaugen på Karmøy. Han er frå 776 e.Kr. I denne haugen fann dei eit vokslys med ein kross prikkja inn.



Bilde over: Konfirmantar i Bokn kyrkje i 1939. Arkivfoto.

Fyrst på 900-talet vart det slutt med å haugleggja folk i Bokn, og frå midt i hundreåret har me den kjende boknaspenna frå Austre Bokn. Difor trur me at det fanst eit kristent samfunn – ei kyrkje – på Bokn alt før Olav Tryggvason starta si heller hardhendte kristningsferd. Dei reiste venteleg ein steinkross – kanskje på Kyrkja-haugen straks nordaust for den nåverande kyrkja – der dei fyrste kristne samlast regelmessig til messe. Kanskje hadde også stormannen på Boknaberg skaffa inn ein prest.

Sjølve storgarden – der adelsmannen budde – var Boknaberg. Før kyrkja er det rimeleg det låg eit hov her, tradisjonen for kvar slike heilage stader skulle liggja, var sterke. Den fyrste kyrkja som er nemnd her til lands, bygde Olav Tryggvason på Moster i 995 e. Kr.

Så då Erling Skjalgsson fekk kløyvdt skallen ved Are 21. desember 1028, var både han og boknarane kristne.

Utover på 1000-talet vart det reist kyrkjer i Noreg. For det meste var det stormenn som sette seg opp kyrkjer og tilsette prest som eit statssymbol. Difor var det også naturleg at den fyrste kyrkja, ei stavkyrkje, var i bruk alt kring 1100 om lag der den nåverande kyrkja framleis ligg.



Eit teikn på at den fyrste kyrkja faktisk er så gammal, er det at den gamle klebersteins døypefonten er datert til kring 1100 e.Kr. Saman med døypefonten i kyrkja i Helland, er dette den eldste i heile Rogaland.

I Bokn kan det ha budd rundt 300 menneske på det meste i høg mellomalderen. Dette var det normale også elles i landet, kring 300 menneske for kvar kyrkje og prest. Så alt kring 1100 må me tru at Bokn var eige sokn med eigen prest og kyrkjelyd. Det er mogeleg at Sæbø var prestegarden då. Attåt fekk presten inntektene av heile Torland og halve Nerabø og attåt fjerdeparten av tienda.

Så vart altså den kyrkja reist her på Boknaberg, den fyrste av tri. For kring 30 generasjonar har kyrkjedøra her vore vegen inn i og or livet. Her samlast dei til livets høgtider og søkte trøyst under sott og uår.

Med berre 300 sjeler å syta for, var vegen kort mellom prest og sokneborn. Han kjende kvar einskild.

Med ei tilsvarande preste- og kyrkjedekking i dag, skulle det ha vore to – tri kyrkjer og prestar i Bokn.

Utanom det glattraka hovudet, skilde presten seg lite frå resten av allmugen. Trass i kravet om sølibat, var han gift og fekk born. Oftast var han ein bondeson med ei bondedotter som kone. Såleis levde han i små kår, men var Guds mann og det andeleg overhovudet i kyrkjelyden. Og han kunne både lesa og skriva og var gjerne som ein sekretær både for stormannen på Boknaberg og folk elles.

Attåt vår eigen prest og kyrkje, åtte også kyrkja via bispedømet Ogn, Kro, Øvrabø, Loden, Jøsen og Håland. Dette medan klostera åtte Våga, Are, Grønnestad og Økland. Og av ein eller annan grunn åtte kyrkja i Skjold halve Aksdal. Kort sagt var dei fleste bøndene i Bokn leiglingar under kyrkja.

Gjennom mellomalderen hopa det seg opp rikdommar i kyrkja: Relikvieskrin, røykelseskar og anna som var nytta i messene. Og ho var rikt illustrert med målerier av helgenar. Når ein kom frå dei små og mørke stovene på øyane, må det å dukka inn i denne kyrkja i seg sjølv nærast å vera halvvegs til himmelen.

Men sommaren 1349 starta ein nær 300 år lang periode med regelmessige utbrot av pest. Til sist, kring 1520, var det ikkje stort meir enn om lag 120 boknarar att. Det vart leigars marknad, og dei samla inntektene til kyrkja fall til kanskje berre sjetdeparten av gammalt nivå. Under slike tilhøve var det plent umogeleg å halda eigen prest og det var tids nok å hindra at kyrkja forfall.

Løysinga vart å leggja Bokn saman med Falnes, Ferkingstad og Åkra sokn til eit felles prestegjeld og med ein felles prest på Falnes. Samstundes mista Tysvær sin prest etter å ha vorten slegen saman med Skjold.

Frå å ha vore ein nær sambygging vart presten ein fjern person på Karmøy som berre heldt gudstjeneste i boknakerkja kvar fjerde søndag. Kyrkja vart på eit vis fjernare enn før og gammal overtru fekk nytt tak i folket. Og i 1537 kom reformasjonen då kongen



Bilde over: Konfirmantar i Bokn kyrkje i 1964. Arkivfoto.

konfiskerte alt geistleg gods og slik svekka kyrkja ytterlegare.

Dei fylgjande par hundreåra vart folketalet tridobla noko som gjorde at stadig fleire laut dela på presten. Løysinga vart då å inkludera bygdefolket i den kyrkjelege organisasjonen. Klockaren kom kring 1600 og om lag ved dei same tider fekk presten to medhjelparar i bygda. Dei skulle fungera som presten sin forlenga arm i bygda og også vera hans auge og øyre.

Vidare fekk Bokn eigen kyrkjevevje som hadde det administrative ansvaret for kyrkja. Hans oppgave var mellom anna at kyrkja fekk inn dei inntektene som ho skulle og sytte for inventar og vedlikehald. To andre som vart ein del av den kyrkjelege organisasjonen, var gravaren og hundefuten. Hundefuten hadde ansvaret for at ikkje hundar og fulle folk slapp inn i kyrkja, han sto for reinhaldet og med ein spiss pinne sytte dei for at folk ikkje sovna under preika. Slik sett var det altså eit korps på seks personar som sto for den kyrkjelege organiseringa i bygda. Desse verva gjekk på omgang, slik at dei fleste bøndene ein eller annan gong var innom den kyrkjelege organisasjonen.

Koss såg så den fyrste kyrkja i Bokn ut? Ho var stavkyrkje, mangla vindaug og var såleis ganske mørk. Benkar fanst ikkje slik at kyrkjelyden laut stå eller liggja på

kne. Elles var her helgenbilet, relikvieskrin, prosesjonsfaner, røykelseskar messeklokker osv. I kyrkja var det òg høgaltar og mindre alter mot veggen i koret. Kring kyrkja gjekk det ei sval og utvendig var ho tjørebreidd og med tjørebreidd spontak.

Etter kvart tok folketalet til å auka så mykje at kyrkja tok til å kjennast trong og dei kravde sitjeplass. Frå 1630 av sette dei opp benkar og i 1640-åra bygde dei våpenhus. Ved dei same tidene sette dei opp ein betre preikestol, la nytt golv og ny alterfot. Det fyrste vindauga fekk ho i 1650. Det kan nemnast det rett aust for kyrkja sto eit likhus som fyrst vart rive kring 1900. Når det galdt inventar, reiste danskane av stad med det meste i samband med reformasjonen i 1537.

Boknarane var flinke til å sjå til kyrkja si, men i i 1686 var ho både for trong og for nedsliten. Ho vart riven og erstatta med ei ny tømmerkyrkje – eit halvt hundreår etter det som elles var vanleg. Det er såleis 336 år sidan Bokn fekk erstatta stavkyrkja.

Med sine 250 sitjeplassar var ho då den romslegaste kyrkja i prestegjeldet. Sist på 1700-talet kunne takstmennene slå fast at etter over hundre år var ho framleis i upåklageleg stand – i motsetnad til dei andre kyrkjene i prestegjeldet. Men ho sto vindhardt til, og ein svær storm i mars 1822 drog av

garde med halve taket og øydela vindaugo. Men same sommaren vart ho vølt.

Kyrkja var delt i våpenhus, skip og kor. Over skipet var det eit breialoft med trapp opp. Viktige hendingar, var elles at ho i 1707 fekk pannetak og vart bordkledd. Prestane klaga over to tilhøve med kyrkja: Ho var for mørk, det var berre eit vindaug på kvar langvegg. Elles var ho fargesprakande dekorert innvendig. Ein av prestane sa at ho var så upassande illustrert at han ikkje visste om han skulle le eller gråta. Ein annan prest skreiv at det var fantastiske figurar tenlege til å valda alt anna enn andakt. Prestane ville helst ha dei overmalte, men dei fekk stå til kyrkja vart riven.

Sjølv om det var bygdefolket som hadde reist og kosta kyrkja, meinte kongen ho var hans og selde henne i 1724. Kjøparen var Daniel Trosnavåg og broren Jone Årvik. Dei to brørne kjøpte også opp dei andre kyrkjene i prestegjeldet. Dei selde att i 1741, og sidan var kyrkja på handel. Mellom anna var handelsmann Asbjørn Kloster i Føresvik medeigar i 1817. I motsetnad til for mange andre kyrkjer, var desse eigarane flinke til å halda kyrkja i god stand.

Problemet var berre at folketalsauken gjorde kyrkja for trong. I tiåra før 1847 vart folketalet nær dobla. Difor vart det sett ned ei nemnd for å sjå til at den gamle kyrkja var erstatta med ei ny og større. Og ho burde liggja mest mogeleg i soknet. Staden dei enda opp med, var Slettabakka på Håland, eit drygt steinkast nord for bygdemuseet.

Noko tømmer var jamvel drege på plass, men då dei så skulle starta på bygginga, var det drege tilbake til der den gamle kyrkja hadde stått. Så ende det likevel med at kyrkja vart reist der av material frå Ringsaker, heimstaden til Ingeborg Monsdotter gift med Ole Larsen Kro. Sidan vart det halde auksjon over inventaret i den gamle kyrkja. Den gamle døypefonten hamna då som traui i eit grishus i Kro og altarringen som kornbinge. Men lysekruner og klokker vart overførte til den nye kyrkja. Den 29. september 1847 vart så den nye kyrkja innvigd. Sakristi og kor kom likevel ikkje før i 1933.


Kyrkja var ei Linstow-kyrkje, teikna av den same arkitekten som teikna slottet i Oslo. Men ho vart dobbelt så dyr som planlagt og ei tung gjeld for den komande kommunen. Denne kyrkjegjelda var den aller fyrste saka den nye kommunen hadde oppe i 1850, og fyrst i 1866 vart den siste resten av denne gjelda sletta.

Kyrkja vart elles bordkledd i 1848 og kvit malt i 1850. Kvar gard fekk elles sin benk og menn og kvinner sat skilde: Kvinnene på nordsida og mennene på sørsida. Plasseringa vart elles etter kor stor garden var: Dei beste gardane lengst framme og dei ringare bak. Dei laut og betala årsavgift for leige av benkane. Fattigfolk, husmenn, strandsitjarar og tenestefolk laut sitja bakarst eller på galleriet. Kyrkja var elles trekkfull og kald, omn kom ikkje før i 1890. Særleg golvtrekken var ufysen. Fyrst i 1933 då dei støypte kring grunnmuren, forsvann trekken. Koksommen vart erstatta med elektriske omnar i 1957.

Kyrkja mangla lenge orgel, fyrst i 1926 såg soknerådet seg råd til å skaffa seg eit som fekk gjera tenesta fram til 1965 då det nåverande kom på plass. Ole Frøvig si altertavle kom på plass i 1913. 1965 var i det heile eit viktig år for kyrkja, då fekk ho nytt sutak og nye leker. Tri år etter fekk ho luftfuktingsanlegg og året deretter fargane att frå før 1933. I 1977 vart det lagt inn teleslynge og i perioden 1989 til 1995 fekk benkane puter – for å nemna noko.

Elles vart den gamle kyrkjegarden for trong, og det vart opna ein ny vest for vegen i 1950. Frå 1969 var parkering for bilane ei aukande utfordring, og frå 1973 kunne skuleplanen på den gamle skulen nyttast. Administrativt vart Bokn sokn skild frå Falnes i 1849 og slege saman med Tysvær. Misjonsforeiningane kom i gang kort tid etter skipinga av NMS. Møta vart haldne kring i heimane til folk fram til bedehusa kom: Det fyrste på Håland i 1909 og sidan i 1920 på Austre Bokn og Hognaland.

I beretningane sine frå 1900-talet fortel prestane at det var lett å virka i Bokn. Dialogen mellom dei og kyrkjelyden var framifrå og oppslutningane om gudstenestane var jamt bra – med unntak av



Bilde over: Odd Grønnestad framførte dette jubileumsforedraget, skrive av Birger Lindanger, på jubileumsfesten 11. september.

under dei store fiskeria. Generelt var boknarane kyrkjelege og lite opptekne av sektene, meinte dei.

Under krigen sto kyrkja og soknerådet her fast mot nazismen. Den fyrste tida etter krigen blømde kristenlivet i bygda som aldri før og alle aldersgrupper var med. Særleg vart søndagsskulane drivne godt, det var ein i kvar skulekrins og stort sett alle borna var med. Dette slakna av utover i 1960-åra, mellom anna fordi lærarane ikkje lenger var så engasjerte i kristenlivet.

Men frå 1989 fekk det kristelege barne- og ungdomsarbeidet ei kraftig oppbløming, ikkje minst gjennom ei drivande speidarforeining som fanga opp storparten av borna også inn i 2000-talet.

Sjølv om kyrkjeframmetet kanskje ikkje er som i farne dagar, er kyrkja framleis kyrkja, den sjølv sagt samlingsstaden ved livets og årets høgtider. Framleis gjev ho trøyst og håp når det røyner på, framleis signar ho folket på deira ferd frå dåp til grav. Slik sett står boknakerkja fast som ho har stått gjennom tusen år.

Frivillighetspraten:

Det trofaste ekteparet i Nedstrand

tekst og foto: Katrine Eide

2022 er frivillighetens år i Norge. Dette året tar vi en ekstra prat med noen av ildsjelene i kirkene i Tysvær. I dag skal vi til Nedstrand. Nærmere bestemt hjem til to av de aktive frivillige i Nedstrand sokn: Åge og Jorunn Baustad.

På Joker får du snøfreser

Åge Baustad har gått opp til postkassen i Nessavegen 241 for å ta imot undertegnede, som endte opp med å få litt problem med å finne frem. Kanskje det var det idylliske bygdelandskapet i Nedstrand som distraherer sjåføren på vegen til to av ildsjelene fra denne perlen av et tettsted i Tysvær kommune.

Undertegnede blir varmt tatt imot i døren av kona Jorunn. Allerede på veg inn i gangen må de svare på om de på tross av idyllen, ikke savner å bo litt mer sentralt. Men ifølge ekteparet er Nedstrand verdens navle.

Åge kan fortelle at her går det hurtigbåt både mot Sandeid og Stavanger. Og jokerbutikken på kaien, «Haugen», har alt. -*Både vaskemaskin og snøfreser*, legger han til. Jorunn er ikke helt enig i akkurat det siste, men Åge forsikrer om at snøfreser kan lett bestilles på Joker butikken.

Både Åge og Jorunn har vokst opp i Nedstrand. Jorunn på gard i Vassendvik, og Åge på et småbruk rett opp forbi huset de i dag bor i.

En bygd med god dugnadsånd

Ved det ryddige og koselige kjøkkenbordet har de satt frem kaffe og kjeks. Allerede før undertegnede rekker å stille det første spørsmålet på blokken, begynner Jorunn og Åge å prate engasjert om frivillighetsarbeidet i Nedstrand.

Åge kan fortelle at dette er ei bygd med mye dugnad i. Det gjenspeiler seg både på idrettsarenaen, i menighetsarbeidet og i tilbudet for pensjonistene i bygda. -*Her er det sånn at du må drive ting frivillig hvis det skal skje noe*, forklarer han.

-*Du kan ikke forvente at kommunen kommer inn å lager til*



noe her, fordi det er en liten plass, sier Åge med et smil, og legger til at han regner med at» det er lov å si». Jorunn er enig.

-Jeg tror det er mer dugnadsånd på små plasser, du er mer knyttet til plassen og får et felleskap gjennom å engasjere deg.

Det blir altså ikke like mye tilbud om du ikke er med å engasjere deg, skal vi tro ekteparet Baustad. De tror heller ikke at folk tenker så mye på hvilken organisasjon aktivitetene her hører til, men at ein støtter opp om det arbeidet som er i Nedstrand.

Frivillig arbeid inn med morsmelka

Jorunn kan fortelle at hun fra tidlige barneår ble med moren sin på bedehuset. -*Min mor var engasjert i frivillig arbeid og drev med barneforening i mange år*, mimrer Jorunn.

Hun var også engasjert i kvinneforening, og det er hun i dag som 77-åring fortsatt. Jorunn selv er med i kvinneforening med svigermor på Stranda, mens moren hennes er engasjert i den andre kvinneforeningen i Nedstrand, som er på Hinderåvåg.

Åge også kan kjenne seg igjen i å ha «arvet» engasjement i frivillig arbeid fra sine foreldre -*Foreldrene mine var med å drev ungdomsarbeidet på bedehuset Soknatun.*

Han fikk selv etter hvert spørsmål om å være hjelpeleder på et ungdomstreff, og så ballet det på seg med engasjement på Soknatun. Han ble så valgt inn i styret, hvor han enda er engasjert den dag i dag. Han har vært med i styret i 15 år, og skal faktisk på møte der i kveld.

Både mor til Jorunn, og far til Åge hjelper til som kirkeverter i Nedstrand kyrkje i dag. -*Og vi har nå steppet inn for de en sjelden gang*, smiler ekteparet.

Stolt av hverandre

Åge som til daglig jobber i Imenco på Grinde, liker på fritiden å gå tur på fjellet og padle kajakk. Dette er interesser som han deler med kona Jorunn. Hun jobber i Nedstrand barnehage.

I frivillighetsarbeidet så er Åge en som jobber mer «i kulissene» mens Jorunn er mer synlig når hun står fremme og synger eller dirigerer i kirken og på Soknatun.

-*Hva er du mest stolt av med kona di Jorunn, Åge?*

-*At hun klare å engasjere seg, og holde ut år etter år, med barneko- ret hun driver*, svarer han kontant. Han har sett mange gi seg lenge før det, når de driver foreninger, kor eller lag. Og forklarer at selv om antallet på medlemmene har gått opp og ned har hun trofast holdt ut. Også etter at egne barn ble for store til å bli med.

-*Hva som motiverer deg Jorunn?*

-*Jeg har hjertet mitt nært sang og musikk. Og det å drive et kristent arbeid, og ha muligheten til å dele troen min*, svarer hun.

Mannen ser på henne med et smil, og legger til:

-*Og så er hun veldig flink å synge da.*

Han er tydelig litt stolt av fruene som sitter ved hans side. Jorunn prøver å le det litt bort.

-*Jorunn, hva sier du om Åge da?*

-*Han er en praktisk mann som får ting til! Han engasjere seg og drar i gang dugnader.*

Hun forklarer videre at Åge er viktig for Soknatun. Han er viktig pådriver for huset og arbeidet. Han er ikke vanskelig å be, og soknepresten i Nedstrand har en lav terskel for å spørre han om ting, for Åge han stiller opp.

Utenfor «breker» det noen sauer. De er nok enig. Med «sauebrek» har de begge vokst opp, og det er i disse omgivelsene de liker seg. Ut kjøkkenvinduet ser man en stor og grønn hage, og en nydelig utsikt mot Nedstrandsfjorden.

De samme som engasjerer seg

Åge forklarer at selv om dugnads- ånden er stor i Nedstrand og generelt mange engasjerer seg i mye, er det likevel ofte de samme som engasjerer seg i frivillig arbeid. -*Det hadde vært kjekt viss enda flere engasjerte seg*, responderer Jorunn.

Hun skryter også av arbeidet til Kyrkjener. Men selv om det kom flere tilbud med Kyrkjener arbeidet, så har det alltid vært avhengig av frivillige for å opprettholdes.

Hun poengterer smilende at det alltid er plass til flere frivillige. -*Men samtidig «er vi som vi er»* sier Åge.

Han utdyper videre at den tendensen ikke er noe «Nedstrands fenomen». Det er ofte slik det er, at det er de samme som engasjerer seg, enten det er i korps eller idrettslag.

-*Burde det ikke «rullert» litt mer da, på dette med å hjelpe til som frivillig?*

-*Det hadde jo vært positivt å hatt flere å spille på, og dra i lag*, svarer Jorunn.

-*Men det er ikke et problem her, for det er masse folk som er med, poengterer Åge.*

Han mener at problemet er litt at ungdommen her flytter bort fra Nedstrand etter videregående. Så man misser jo en del folk. Men de som kommer tilbake engasjerer seg jo som regel, selv om du har misst de noen år, forklarer han.

-*Og så kan vi ikke forvente at alle skal engasjere seg. At alle skal stå å male.*

-*Det viktigste er å engasjere seg i noe du liker*, supplerer Jorunn.

De forklarer at for dem er dette med å engasjere seg i arbeid lystbetont. De hadde ikke gjort det om de ikke tenkte at arbeidet de gjorde var viktig. -*Og så gir det oss noe tilbake*

-*Men vi er altså ikke «sure» om noen ikke skulle stilt opp. Alle har forskjellige interesser.*

Jorunn mener også at engasjementet hennes går opp og ned, på tross av at hun har stått ganske trofast i arbeidet med barnekolet.

Engasjementet smitter til neste generasjon

Inn kjøkkendøren kommer den ene datteren deres, Tuva. Hun går i 10.klasse. Utenom henne har de også en sønn som snart blir 18 år, som går på skoleskipet Gann, og en datter på 20 år som fortiden går på bibelskolen i Grimstad.

-*Tuva; hva har du å si om engasjementet til foreldrene dine?*

-*De går alltid hjem sist. De er flinke å hjelpe til med rydding og oppvask.* Tuva har vært med mamma på kor i mange år. Og har selv blitt påvirket til å engasjere seg. I alle fall hvis vi skal tro mamma, Jorunn.

-*Du var jo veldig engasjert i forbindelse med den klassefesten i vinter Tuva?* spør Jorunn retorisk.

-*Ja jeg har vel blitt litt smittet av engasjementet til foreldrene mine*, innrømmer Tuva

Hun og en venninne arrangerte vårball på skolen i vår, og så har hun vært aktiv deltaker på teateret i Nedstrand. I tillegg har hun vært med å hjulpet til på Kyrkjener-aktivitetene de siste årene.

-*Ja du er litt engasjert du også Tuva, når du tenker deg om, sier pappa Åge og smiler opp mot datteren.*

Begge døtrene er også engasjerte i leirer på Stemnestad, forteller Jorunn.



Jorunn viser frem forsidebildet til Kyrkjetonar fra 2007, og kaller det for «glansdagene» i barnekolet. Her er ene datteren med på bildet. Selv om antall deltakere opp igjennom årene har variert på ulike aktiviteter, så kan de ikke se noe utvikling i verken den ene eller andre retningen når det gjelder dugnadsånden i bygda, eller i menighetsarbeidet. Det virker til å være stabilt bra.

Undertegnede syns det var godt å høre, og avslutter der intervjuet med det inspirerende og koselige ekteparet. Og håper det kan inspirere andre.

Nå vil undertegnede prøve å finne vegen tilbake til litt mer urbane strøk. Jorunn og Åge følger skribenten ut i gangen, og takker for besøket. Undertegnede, som fremdeles synes at Nedstrand er en litt avsidesliggende plass spør på veg ut: -*Her må det virkelig være fint å bo om sommeren?*

Respsjonen kommer kjapp og tydelig fra Åge: -*Det er det om vinteren også!*

Preiketekstane - hausten 2022

Søndag 11. september	Vingårdssøndag	Matt 19,27-30	Forsakelse og lønn
Søndag 18. september	15. søndag i treenighetstiden	Joh 15,9-12	Som jeg har elsket dere
Søndag 25. september	16. søndag i treenighetstiden	Matt 11,16-19	Likegyldighet og visdom
Torsdag 29. september	Mikkelsmesse	Joh 1,47-51	Se Guds engler stige opp og ned
Søndag 2. oktober	17. søndag i treenighetstiden	Mark 5,35-43	Jesus vekker opp Jairus' datter
Søndag 9. oktober	18. søndag i treenighetstiden	Mark 1,40-45	Den spedalske mannen
Søndag 16. oktober	19. søndag i treenighetstiden	Luk 9,57-62	Jesus krever alt
Søndag 23. oktober	20. søndag i treenighetstiden	Matt 18,1-11	De små har sine engler hos Gud
Søndag 30. oktober	Bots- og bønnedag	Luk 15,11-32	Den bortkomne og hans bror
Mandag 31. oktober	Reformasjonsdagen	Joh 1,16-17	Nåden og sannheten
Søndag 6. november	Allehelgensdag	Luk 6,20-23	Saligprisningene
Søndag 6. november	Minnedag	Joh 11,19-27	Herre, hadde du vært her
Søndag 13. november	23. søndag i treenighetstiden	Matt 24,35-44	Dagen og timen kjenner ingen
Søndag 20. november	Domssøndag / Kristi kongedag	Joh 9,39-41	Til dom er jeg kommet
Søndag 27. november	1. søndag i adventstiden	Matt 21,1-11	Inntoget i Jerusalem
Søndag 4. desember	2. søndag i adventstiden	Joh 14,1-4	Jeg vil ta dere til meg
Søndag 11. desember	3. søndag i adventstiden	Matt 11,2-11	Jesus og Johannes
Søndag 18. desember	4. søndag i adventstiden	Luk 1,46-55	Marias lovsang
Lørdag 24. desember	Julaften	Luk 2,1-20	Jesus blir født

Personalnytt

Karoline Landro har sagt opp sin stilling som kyrkjetenar i Skjoldastraumen. Ho skal nå starte med studiar. Me takkar ho for innsatsen i den tenesta ho har hatt hos oss, og ønskjer Guds rike signing vidare

Sissel Efstad overtek stillinga som kyrkjetenar i Skjoldastraumen etter Karoline. Ho er utdanna fysioterapeut og keramikar og billedkunstnar. Ho har lang arbeidserfaring frå begge områda.

Me ønskjer ho velkommen til teneste hos oss og ønskjer Guds rike signing over liv og teneste.

Eva

Julekuler med motiv: Bokn kyrkje 175 år

Er du interessert i å handle julegåve til nokon som har alt eller som liker å samle på ting?

Kyrkja i Bokn har fått tilbod om julekuler. Utsalpris kr. 300

Ver rask med bestilling til kyrkjevevja i Bokn. SMS til 913 59 668 eller e-post: jan.magne.moi@bokn.kommune.no

Jan Magne



DROP-IN-DÅP på Haugalandet
- ope for alle uavhengig av bustad:

Laurdag 22. oktober kl. 12-14 i Vår Frelzers kirke, Haugesund.
Laurdag 29. oktober kl. 12-14 i Ølen kyrkje.

Laurdag 05. november kl. 12-14 i Aksdal kyrkje.
Laurdag 05. november kl. 12-14 i Utsira kirke, Utsira.
Laurdag 05. november kl. 13-15 i Norheim kirke.

Neste nummer kjem i postkassen ca. 2. desember.

Frist for stoff til nr 4/2022: 18. november 2022

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Gjennom livet

Døypte

Nedstrand kyrkje

05.06 Hannah Andersen Sørvik
12.06 Elin Hundsnæs
13.08 Iben Eikemo Mikkelsen
14.08 Eline Akstrand
14.08 Thomas Ratchanon Espevold
28.08 Mileah Aursland Kvale
28.08 Albert Kvæstad Samuelsson

Skjoldastraumen kyrkje

05.06 Magnus Selvåg
12.06 Askel Nes Widvey

Aksdal kyrkje

22.05 Pia Våge Dalva
22.05 Luna Haakull Hetland
22.05 Mathilde Huglen-Korneliussen
22.05 Aslak Bakken Mokleiv
29.05 Frida Langeland
12.06 Leon Engvoldsen
12.06 William Grand
12.06 Mikkel Håland Steinsland
12.06 Henrik Thomassen Vatland
10.07 Magnus Angeltveit
10.07 Malvin Myklebust Eilerås
07.08 Leo André Håstø
07.08 Dennis Strand Huglen
07.08 Theo Rovik Presthagen
07.08 Felix Breivte Sætre
28.08 Cornelia Karoline Dahle
28.08 Lukas Hovland
28.08 Ida Vatnaland Kleppe

Førre kirke

24.07 Cosme Rios-Waage
21.08 Konrad Førre Dommersnes
21.08 Noel Heiberg Stakkestad
21.08 Eskil Kirketeig Sternhoff

Bokn kyrkje

12.06 Kaja Jøsang Alvestad
15.07 Sigrid Jøsang Tollaksvik
14.08 Ellie Håland Westhof
28.08 Mathias Grønnestad Solberg
28.08 Vetle Tjøstheim Trosnavåg

Tysvær kyrkje

26.06 Tilde Lund Austerheim
31.07 Alma Vedø Breivte

Vigde

Tysvær kyrkje

18.06 Wenche Askeland og Leif Arne Svendsbø
25.06 Mathilde Sørenes og Roar Hølgersen Kallevik
02.07 Lena Christiane Eide Nærø og John André Dirdal Sørbø
02.07 Line Våge Håvardsen og Marthin Håvardsen
10.09 Marte Midtun Hervik og Jarle Knutsen

Aksdal kyrkje

18.06 Linn Lønning og Joachim Søren Bjørge

Førre kirke

03.06 Anette Søderlund og Bjørn Egil Yrkje
04.06 Camilla Wathne og Kim Wathne
04.06 Anita Gulliksen og Pål Gulliksen
18.06 Elisabeth Hjelmervik Lofthus og Fredrik Løvold Lie
25.06 Inger Line Berge og Jørgen Madsø
25.06 Kristin Sjø Førre og Sondre Skåland Eike
23.07 Cecilie Blom Lillebotn og Vegard Lundal
06.08 Borghild Anett Haukås og Tormod Kydland
06.08 Celine Holm Karlsen og Lars Frøyland
20.08 Silje Therese Tran Vangsnes og Joachim Kvalavåg
20.08 June Nes og Adrian Grindheim

Nedstrand kyrkje

13.08 Serina Eikemo og Marius Meek Mikkelsen

Skjoldastraumen kyrkje

18.06 Oda Olsen Lyngholm og Martin Holme Gaupås

Bokn kyrkje

28.05 Lisbeth Skjelde og Tore Skare Lystad
15.07 Sandra Jøsang Tollaksen og Nils Magne Tollaksvik

Jordfesta

Førre kirke

02.06 Magnus Sandbekken
07.06 Linda Handeland
17.06 Einar Velde
01.07 Liv Thorsnes Pettersen
14.07 Osvald Stangeland
12.08 Sigfrid Tveit
19.08 Oddny Eikill
26.08 Harry Leirvoll
02.09 Kåre Ingvard Førre

Tysvær kyrkje

03.06 Margit Hettervik
10.06 Knut Arne Knutsen
06.09 Marie Gurine Nymark

Nedstrand kyrkje

31.05 Marta Espeland
08.09 Anne Turid Eide

Skjoldastraumen kyrkje

24.06 Barbro Sofie Aarak

Bisetting:

26.07 Tor Valjan Hansen

Bokn kyrkje

21.04 Johan Magne Medhaug
(Feil namn i forrige nummer)

03.05 Norunn Lovise Jordbrekk
(Feil dato i forrige nummer)

Stell av gravplasser i Tysvær



avdeling Vepro

Tlf: 932 16 679/52 75 88 60

Velkommen til kyrkje



Aksdal kyrkje

18. september kl. 11.00

Gudstjeneste med
konfirmantpresentasjon

2. oktober kl. 18.00

Høsttakkefest

9. oktober kl. 11.00

Gudstjeneste med vigsling av
diakon Synnøve S. Haakonseth

23. oktober kl. 11.00

Gudstjeneste

30. oktober kl. 11.00

Gudstjeneste

13. november kl. 11.00

Gudstjeneste Blest

27. november kl. 11.00

Gudstjeneste

4. desember kl. 18.00

Lysmesse

24. desember kl. 14.30 og 16.30

Julaftengudstjeneste

Tysvær Kyrkje

25. september kl. 11.00

Gudstjeneste Hausttakkefest

2. oktober kl. 19.00

Kvelds-Gudstjeneste

23. oktober kl. 11.00

Gudstjeneste

6. november kl. 19.00

Helgemesse

20. november kl. 11.00

Familiegudstjeneste

27. november kl. 11.00

Lysmesse

11. desember kl. 16.00

"Vi syng jula inn"

24. desember kl. 16.00

Julaftengudstjeneste

25. desember kl. 12.00

1. juledag Høgtidsgudstjeneste

Nedstrand kyrkje

18. september kl. 11.00

Gudstjeneste. Hausttakkefest og
Konfirmantpresentasjon

2. oktober kl. 11.00

Gudstjeneste

23. oktober kl. 11.00

Familiegudstjeneste

6. november kl. 11.00

Gudstjeneste. Allehelgensdag

27. november kl. 17.00

Lysmesse

11. desember kl. 11.00

Gudstjeneste

24. desember kl. 16.15

Julaftengudstjeneste

25. desember kl. 12.00

1. juledag. Høgtidsgudstjeneste

Førre Kirke

25. september kl. 11.00

Gudstjeneste

6. november kl. 11.00

Gudstjeneste Allehelgensdag

20. november kl. 11.00

Gudstjeneste

11. desember kl. 11.00

Gudstjeneste

24. desember kl. 14.30

Julaftengudstjeneste

24. desember kl. 16.00

Julaftengudstjeneste

Bokn kyrkje

25. september kl. 15.00

Gudstjeneste Hausttakkefest

9. oktober kl. 11.00

Gudstjeneste

30. oktober kl. 11.00

Gudstjeneste

6. november kl. 11.00

Helgemesse

20. november kl. 15.00

Familiegudstjeneste

27. november kl. 18.00

Lysmesse

11. desember kl. 11.00

Gudstjeneste

24. desember kl. 14.00

Julaftengudstjeneste

Skjoldastraumen kyrkje

25. september kl. 11.00

Gudstjeneste. Hausttakkefest og
konfirmantpresentasjon.

16. oktober kl. 11.00

Gudstjeneste

30. oktober kl. 11.00

Gudstjeneste

6. november kl. 13.00

Gudstjeneste. Allehelgensdag

13. november kl. 11.00

Familiegudstjeneste

27. november kl. 19.30

Gudstjeneste Lysmesse

24. desember kl. 15.00

Julaftengudstjeneste

26. desember kl. 11.00

1. juledag. Høgtidsgudstjeneste